



LOKALE RETNINGSLINJER FOR TILSKOT TIL TILTAK I BEITEOMRÅDER FOR SURNADAL KOMMUNE 2020-2023

Vedteke i hovudutval for miljø, areal og teknikk, den 27.05.2020

MÅLET MED TILSKOT TIL TILTAK I BEITEOMRÅDER

Målet med tilskotet er å legge til rette for best muleg utnytting av beite i utmark, redusere tap av dyr på utmarksbeite og fremme fellestiltak i beiteområda.

SØKNADSRIST

Søknadsfrist for tilskot til tiltak i beiteområder i Surnadal er sett til 25.mai i 2020, for seinare år blir søknadsfristen 15.februar.

Søknaden skal innan fristen leverast til kommunen via AGROS frå www.altinn.no . Det kan også søkast på papirskjema fastsett av landbruksdirektoratet.

PRIORITERING AV TILSKOT I SURNADAL KOMMUNE 2020-2023

Tilskot kan gis til faste installasjonar og anna utstyr knytt til beitebruk i utmark, samt tidsavgrensa planleggings- og tilretteleggingsprosjekt.

Investeringstilskot:

Det kan gis tilskot til (lista er ikkje uttømmmande):

- Sperregjerder
- Ferister
- Bruer
- Gjetarhytter
- Sanke- og skilleanlegg
- Anlegg/rydding/utbetring av driftevegar
- Saltsteinautomatar
- Transportrammer
- Elektronisk overvakingsutstyr
- Elektronisk gjerde

Prioriterte investeringstiltak i Surnadal kommune:

- **Sperregjerder og sanke- og skilleanlegg**
- **Tilskot til investeringar i teknologi som fremjar bruk av utmark til beite, eks radiobjeller, Nofence, drone.**

Planleggings- og tilretteleggingsprosjekt:

Det kan gis tilskot til (lista er ikkje uttømmmande):

- Planlegging og prosjektering av faste installasjonar



- Ny/endra organisering av beitelag og utmarksbeiteområder
- Samarbeidstiltak mellom beitelag, mellom dyreslag
- Prosjektretta arbeid for stimulering til auka beitebruk og rasjonell utnytting av beita
- Tidsavgrensa utprøving av nytt utstyr
- Utarbeiding av planer (beitebruksplan, tiltaksplan, beredskapsplan mv)
- Vegetasjonskartlegging

Prioriterte planleggings og tilretteleggingstiltak i Surnadal kommune:

- **Prosjektretta arbeid for stimulering til økt beitebruk og rasjonell utnytting av beita**
- **Ny/endra organisering av beitelag og samarbeidstiltak mellom beitelag**
- **Planlegging av større fellesanlegg i beiteområda med behov for avklaring med grunneigarar og andre interesser.**

GENERELLE PRIORITERINGAR AV TILSKOT TIL TILTAK I BEITEOMRÅDER I SURNADAL KOMMUNE:

Søknader frå beitelag om fellestiltak i beiteområder vil bli prioritert, framfor søknader frå enkeltbrukarar som ikkje driver organisert beitebruk.

Ved tilskot til sperregjerder og sanke/skilleanlegg, kan det innvilgast eit tilskot på inntil 50 % av godkjent kostnadsoverslag (dvs. maks tilskotssats ut frå rammer satt i forskrift).

Ved tilskot til elektronisk overvakingssystem, kan det innvilgast eit tilskot på inntil 50 % av godkjent kostnadsoverslag. (Batteri gis ikkje tilskot).

Til planleggings- og tilretteleggingstiltak kan det innvilgast tilskot inntil 70 % av godkjent kostnadsoverslag.

Ved alle søknader der søker kan søke samfinansiering av tiltaket med andre midlar, kan det fastsettast lågare tilskotssats.

Kommunen kan vektlegge søkars eigenfinansiering (målt i kroner eller eigeninnsats) som eit kriterium for prioritering av søknader.

Om det blir søkt om meir midlar enn det vi har å fordele, kan søknader om tilskot få avslag eller utsettast til neste år.

VEDLEGG/VILKÅR TIL SØKNADANE:

Kart (oversiktskart og detaljert kart), kostnadsoverslag, finansieringsplan og prosjektplan o.l.



Ved søknad om tilskot til faste installasjonar som sperregjerder og sankeanlegg i beiteområda i Surnadal kommune, så må det vera skriftleg avtale med grunneigar på minimum 10 år. Avtalar skal leggast ved søknaden.

Faste installasjonar kan ikkje omsøkast på nytt før det har gått minst 15 år.

Vi tilrår å ta utgangspunkt i avtalemalar utarbeidd av Norsk sau og geit (sjå <http://www.nsg.no/standardavtaler-m-m/category658.html>), men desse kan forenklast og tilpassast lokale behov. Ansvar for vedlikehald og fjerning av anlegg etter bruk må gå fram av avtalen.

Tiltak i beiteområder som har betydning for reindriftsinteressene må avklarast med reindriftsnæringa før innsending av søknad.

Retningslinjene er vedteke i medhald av Forskrift om tilskot til tiltak i beiteområder og i henhold til Rundskriv 2019-45 «Forvaltning av forskrift om tilskot til tiltak i beiteområder» frå Landbruksdirektoratet.